AGDER fylkeskommune

Saksframlegg

Arkivsak-dok. 26/60414-1
Saksbehandlar Theodor Lothe Bruun

Utval	Møtedato
Hovedutvalg for næring, kultur og miljø	26.11.2026

Intensjonsavtale med Bygland kommune, Kulturhistorisk museum, Aust-Agder museum og arkiv og Agder fylkeskommune

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Hovudutvalet for næring, kultur og miljø godkjenner forslag til intensjonsavtale mellom Bygland kommune, Aust-Agder museum og arkiv, Kulturhistorisk museum og Agder fylkeskommune.

Hovudutvalet sluttar seg til målsetjinga om å nytte kulturhistoria som grunnlag for stadutvikling i Bygland.

Vedlegg

Forslag til intensjonsavtale
Forslag til intensjonsavtale - Formidling av kulturarv i Bygland

Samandrag

Hovudutvalet for næring, kultur og miljø godkjenner intensjonsavtalen og sluttar seg til målsetjinga om å nytte kulturhistoria i utviklinga av Bygland som stad.

Intensjonsavtalen skal vere eit grunnlag for vidare samarbeid om kulturarv mellom Bygland kommune, Aust-Agder museum og arkiv, Kulturhistorisk museum og Agder fylkeskommune.

Saksopplysningar

Bygland kommune, Aust-Agder museum og arkiv (AAma), Kulturhistorisk museum (KHM) og Agder fylkeskommune ønskjer å inngå ein intensjonsavtale om formidling av kulturarven i Bygland og på Agder. Målet er at kulturhistoria i Bygland skal utviklast som ei samanhengande forteljing og styrkje samarbeidet om kulturarv i regionen. Dette skal bidra til ei langsiktig styrking av kunnskap om og formidling av regionen si kulturhistorie for nolevande og komande innbyggjarar.

Partane skal bidra med sin respektive kompetanse i eit samarbeid om formidling og tilrettelegging av arkeologiske funn, kulturminne og historiske stader i Bygland. Dette skal bidra til å synleggjere dei lange linjene i historia og styrkje vernet av kulturarven gjennom oppleving, identitet, sjølvforståing, trivsel og lokal utvikling.

Det har tidlegare vore inngått enkeltavtalar om dei ulike utstillingane ved Bygland bibliotek. Agder fylkeskommune har bidrege med råd og rettleiing, men ikkje utover det som er normal oppfølging av kommunane.

Forslag til avtale er vedlagt. Avtalen har vore gjennomlesen av alle partane, og det er semje om følgjande endringar:

- Som avtalepart skal det stå Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo (KHM) (ikkje berre museet).
- Punkt 2 skal flyttast til byrjinga av avtalen og få overskrifta «Bakgrunn for avtalen».
- I punkt 3 (Tiltak for Bygland kommune) skal det siste avsnittet om Agder fylkeskommune flyttast til punkt 4.
- I punkt 5 (Utlånsavtalar) skal følgjande tekst leggjast til i parentes: «Likeins kan det vere aktuelt med utlån frå den arkeologiske samlinga til AAma etter nærare avtale og etter museet sine vanlege vilkår for utlån.»

Når dei avtalte endringane er innarbeidde, vil avtalen bli send ut til signering. Det er foreslått at fylkesordføraren signerer på vegner av Agder fylkeskommune.

Vurderingar

Fylkeskommunedirektøren vurderer at avtalen vil styrkje og formalisere samarbeidet mellom partane og bidra til eit målretta og heilskapleg arbeid med formidlinga av kulturarven i Bygland kommune. Bygland kommune har teke initiativ til å etablere avtalen, noko som syner eit aktivt engasjement for kulturarvsarbeidet i kommunen. Intensjonsavtalen gjer det òg lettare å prioritere arbeid med kulturarvsprosjekt i Bygland.

Avtalen støttar opp under fylkeskommunen sitt ansvar for kulturarvforvaltning og kulturformidling, og bidreg til å styrkje samarbeidet mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar. Både Kulturhistorisk museum og Aust-Agder museum og arkiv tek ei tydeleg rolle, noko som sikrar den faglege og museale forankringa. Avtalen kan medverke til å styrkje Agder si synleggjering nasjonalt innan kulturarvsformidling.

Regionplan Agder 2030

Avtalen bidreg til å nå følgjande mål i Regionplan Agder:

- Verdiskapinga knytt til kystkultur, kulturarv i indre bygder og trehusbyane har auka.
- Kultur, idrett og ei unik kulturarv gjer Agder til ein attraktiv region som trekkjer eit aukande tal besøkjande frå inn- og utland.

Avtalen kan ha positive verknader for barn og unge ved å styrkje formidlinga av lokal kulturhistorie gjennom skule, bibliotek og andre formidlingsarenaer. Auka tilgang til kunnskap om lokal kulturarv kan bidra til identitet, tilhøyrsle og forståing for eigen historie..

Økonomiske konsekvensar

For å følgje opp avtalen stiller fylkeskommunen med eigeninnsats. Eventuelle kostnader knytte til oppfølging av avtalen vert dekte innanfor gjeldande budsjettrammer til avdelinga. Tiltak som medfører økonomiske forpliktingar utover vedtekne budsjettrammer, skal handsamast på ordinær måte i fylkeskommunen sine budsjett- og økonomiplanprosessar.

Konklusjon

Hovudutvalet for næring, kultur og miljø godkjenner den reviderte intensjonsavtalen og sluttar seg til målsetjinga om å nytte kulturhistoria i utviklinga av Bygland som stad.

Kristiansand, 05.11.2026

Tine Sundtoft
fylkeskommunedirektør

Kristin Tofte Andresen
fylkesdirektør